

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindås

22.09.2017

Til
Tone Margrethe Bærland Furustøl

Sak 16/1342 - Våge Merknad til profilskisser frå Fanagro av 22.08.2017
Merknad til brev frå Harris av 25.08.2017

Eg viser til mottekne sakspapir frå PMU-møte av 30.08.17 m/vedlegg, mottatt frå Lindås kommune 01.09.2017, uttalefrist idag 22.09.17, dvs. idag.

Merknad til profilskisser frå Fanagro/Eikevik, brev av 22.08.2017 til Lindås kommune.

Profilteikningane som Fanagro har sendt Lindås kommune over planlagt inngrep på 99/4 er så mangelfulle at dei er ueigna som vurderingsgrunnlag for det omsøkte inngrepet, dei dekkjer over omfang og resultat i staden for å synleggjere. Dette ber preg av at ein ikkje *ønskjer* å vise fram det verkelege omfanget av inngrepet. Det er lett å skjønne kvifor, i og med at dette inngrepet medfører ein **total** destruksjon av heile kulturlandskapet ein har konsesjonsforplikta seg til å ivareta. Her snakkar vi om total endring av Våge-landskapet sin karakter gjennom altomfattande utskyting og det som ser ut til å bli enorme skjeringar på innmark (mellom 4,5 m og 6 meter skjeringar midt i landskapet i høgaste tunet etter dei kotar ein kan avlese). Det er heilt avgjerande å få presentert eit riktig bilete av dei dramatiske landskapsendringane i dette kolossale prosjektet som manglar sidestykke i Lindås kommune. Dei innsende teikningane er ubrukelege som tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag, dei er mangelfulle og dermed svært uærlige i si framstilling:

- teikningane viser kun vei, ikkje terreng
- teikningane manglar referansar, viser ikkje kvar tverrsnitt er frå
- difor umuleg å imøtegå
- graverande data unnlatt: Kvar kjem det skjeringar i det omfattande, utskotne feltet over fleire mål på høgaste Våge? Kor høge skjeringar? Kor nær grensa til 99/1?
- korleis vert terrenget **eigentleg** sjåande ut?
- unnlatt: 1 mål planlagt parkeringsområde på innmarka i gamletunet, (og som underteikna har protestert på), er ikkje synleggjort i noko profilskisse
- unnlatt å vise kvar i terrenget såra kjem der han har tenkt å skaffe tilveie dei enorme massane til veianlegga over innmarka (desse veiane representerer jo eit stort masseunderskudd)

Eg har etterlyst profilskisser for det store terreng-inngrepet sidan nabovarsel våren 2016. Det seier seg sjølv at profilskisser må vise omfanget og resultatet av eit så dramatisk inngrep og må innehalde nok data og landskapsreferansar til at både underteikna som nabo og Lindås kommune som beslutningstakar kan ha eit fullstendig og riktig bilete som grunnlag for vurdering. Å føre besluttande myndigheit på villspor gjennom tåkeleggjande, mangelfulle framstillingar vitnar om at utbyggjar veit at dersom dette tiltaket vert belyst godt nok vil det aldri kunne godkjennast.

For eigen del etterlyser eg stadig dei uteblivande profilskissene frå nabovarsel vår 2016, profilskisser som kan vise meg dei **faktiske** konsekvensane av inngrepet. Eg meiner at Fanagro som profesjonell aktør må kunne påleggjast å levere dette.

Merknad til at Eikevik/Fanagro framleis opererer med 2 m brei vei i 90° vinkel

Med ein slik vei vil ikkje Eikevik ein gong kunne få bygningselementa fram til det huset han skal byggje. Det manglar truverde når Eikevik og Fanagro arbeider så iherdig for å oppretthalde denne totalt dysfunksjonelle veien, det er heller ikkje i samsvar med det som kom fram frå Fanagro under synfaring.

Eikevik har frå dag ein ytra krav til underteikna (som eigar av veglegemet) om minimum landbruksvei klasse 3 på all veistandard. Ein slik standard oppnår han i sørleg trase.

Merknad til at Harris i brev av 25.08.17 hevdar at sørleg trase kjem inn på flataste del av 99/4 si innmark

Sørleg trase vil kome inn på den mest *kuperte* delen av 99/4 si innmark! I heile dette området har Eikevik alt frå før skrella vekk heile kulturlandskapet og all innmarka ned til berget. Sidan profilskisser manglar, vil veien kunne profilerast fint inn i dei skissene som skal lagast.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust